

# Protokoll frå styremøte

Protokoll frå styremøte i Bygland IL

Møtenummer: 3

Dato:: 12.09.2019

Stad: Klubbhuset

Til stades:

- Eivind Dalseg
- Leif Sigurd Helle
- Sigve B. Jacob
- Gunnar Haugå
- Torgeir Besteland
- Ranghild Sordal
- Bergtor Haugå

Forfall: Ingen

Sakliste

## 1. Kort gjennomgang referat frå førre møte

- a. Status på bankforbindelse  
Leif Sigurd har kontakta Valle sparebank, men dei skulle ringe opp att. Ikkje gjort noko vidare i saka.
- b. Resultat av forhandlingar ang. ColorLine  
Forhandlingane er ferdige. Bygland fekk meir enn dei andre, men då kun halvparten. Avtalt at ein skal forhandle med alle idrettslaga til neste år. BIL fekk inn 48 724kr i 2019.
- c. Status mogleg kostnadssprekk mtp. Ridehallen  
Det er gjeve kr. 550 000 til prosjektet frå Gjensidige. Vi har fått utbetalt 350 000. BIL har betalt rekningar for kr. 510 000. Etter avtalen skal idrettslaget gå inn med kr. 150 000 til ridehallen. Det er ikkje sendt inn krav for å få ut dei resterande 200 000 av tilskotet. Knut følgjer opp dette.
- d. Adresse til idrettslaget i Brønnøysund  
Leif Sigurd sjekkar postadresse. Det er blant anna nokre reikningar som har vorte sendt feil.

2. Status for økonomi

Idrettslaget har per dags dato kr. 1 242 400 på konto. Dette er inkludert ridehall og kr. 50 000 til tråkkemaskin. Til tråkkemaskinen er det gjort lovnad om kr. 100 000 frå sparebanken sør, men det er Signe Berit som har kontroll på dette. Nokon tar kontakt med Signe B og sjekkar. Ellers er det løyva kr. 71 000 i Lokale aktivitetsmidlar. Leif skal sjekke om dette skal delast med luftsportklubben.

3. Søknad om nytt utstyr til turngruppa

Turngruppa lurte på å kjøpe inn nytt utstyr for totalt 32 597kr. Dette vart godkjent av styret, men Ragnhild sjekkar om skulen kan kjøpe ny trampoline.

4. Status på ny nettside

Ny nettside er klar. Eivind sjekkar med Trond ang. Domene osv. Det vart vedtatt at Trond ordnar dette, og så sendar rekning til idrettslaget v/ Sigve. Ein må òg sjekke ut kva som skjer med NK-simbra, deriblant epost osv.

5. Aktivitetsplan 2019/2020

A-planen vart gjennomgått og endra. Gamle namn og aktivitetar vart fjerna. Planen må og lagast på nytt når ny nettside kjem opp og gå. Ein vil og høyre med ungdomsklubben om det er aktuelt å setje av tid i hallen til dei.

6. Status for endurogruppa

Ein jobbar framleis med reguleringsplanen. Det er halde møter med fylkeskommunen, fylkesmannen m.fl. Ingen større barrierar der. Det som derimot er utfordring for tida er økonomi for å kome vidare. Det er estimert ca 150 000 som nødvendig for å få lage reguleringsplanen. Det er sendt fleire søknadar, blant anna til gjensidige. Ein ventar på svar på desse. Spørsmål rundt tillegg for medlemskontigent i endurogruppa vart og tatt opp. Det vart vedtatt at gruppa sjølv kunne bestemme dette. Forslaget er foreløpig på 200kr i tillegg til normal medlemskapskontigent.

7. Status på løypemaskin

Bergtor skal høyre med Signe B angående dei 100 000 frå Sparebanken sør. Elles er det ikkje kjøpt noko maskin endå.

8. Eventuelt

Treningsdressar

Må ha ny sponsorrunde. Ein vart einige om å "gjer som seist." Ranghild tok opp spørsmålet rundt ein alternativ dress som er meir fora. Evt. til spesielle idrettar. Valle har dette. Ragnhild sjekkar vidare på dette.

Kontigent

Ragnhild har fått førespurnad om nokon kunne betale halv kontigent for resten av året. Styret var einige om at Ragnhild tek ei avgjersle på dette.

Lager i hallen

Det vart stilt spørsmål rundt kven som har ansvar for utstyrrommet i hallen. Kommunen har ansvar for fastmontert utstyr. Arne Vetthe kontaktperson her. Bergtor kjøper merkemaskin.

Ljosløype på Heistad

Ljosløypa på Heistad må lagast ny. Utsifting av alle stolpar osv. Dette er eit stort prosjekt. Torgeir sjekkar ang. Tilbod på dette. Løypa må òg leggjast om, og ein må forhandle med grunneigarar. Ein må lage ein plan på dette.

9. Neste møte vert 31.10.2019 kl 1830 på klubbhuset.